



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

**Forvaltingsplan for
Selvikvågen naturreservat
Sandøy kommune**



Rapport 2010:09

Framsidedbildet viser Selvikvågen frå lufta. *Foto: Øivind Leren*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2010:09

Dato:

25. oktober 2010

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR SELVIKVÅGEN NATURRESERVAT

Forfatter:

Åsmund Skålvik, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen er godkjend av Direktoratet for naturforvaltning den 27.09.2010 i sak 2010/7296. Forvaltingsplanen for Selvikvågen naturreservat er med dette godkjend med heimel i DN sitt rundskriv november 2001, revidert februar 2010. "Forvaltning av verneforskrifter".

Referat:

Selvikvågen naturreservat vart verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. I 1996 vart Selvikvågen naturreservat i tillegg tatt opp på den internasjonale lista over Ramsarområde som ein del av Harøy våtmarkssystem. Ramsarkonvensjonen av 1971 er ein internasjonal avtale med formål å ta vare på viktige våtmarkssystem. Norge har slutta seg til denne konvensjonen.


Naturreservatet utgjer Selvikvågen med grunnområde og holmar og skjær som dannar ein skjermende front mot havet. Reservatet har eit rikt fugleliv og fleire intakte vegetasjonstypar i strandsona. Utfordringane framover vert å unngå spreiding av framande arter på land og å halde holmane opne som attraktive tilhaldsstadar for sjøfugl.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.


Emneord:

Ramsar, naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, skjøtsel fugl, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf utgåve) 978-82-7430-190-0
ISBN (Papir utgåve) 978-82-7430-189-4
ISSN 0801-9363



Ulf Lucasen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernavdelinga

FORORD

Selvikvågen naturreservat vart oppretta ved kongelig resolusjon av 27. mai 1988 som del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Selvikvågen naturreservat vart òg gitt status som Ramsarområde 19.03.1996. som del av Harøy våtmarkssystem. Selvikvågen naturreservat med sine holmar og skjer utgjer eit av fleire viktige områder av det som vert omtala som Harøy våtmarkssystem. Møre og Romsdal starta i 2009 opp ei satsing på å få utarbeid fleire forvaltingsplanar over prioriterte verneområde. Denne planen er eit resultat av den satsinga.

Målet med forvaltingsplanen er å skildre dei naturfaglege verneverdiane i området og kva tiltak og skjøtsel som trengs for å ta vare på desse. Planen skal òg avklare ulike brukargrupper sine interesser i verneområdet og deira forhold til forskrifter og anna regelverk. Ein har ved utarbeiding av planen prøvd å tenkje på kven som blir brukarar av planen ved å gjere den så kort og konkret som mogleg. Då dette er 1. generasjon forvaltingsplan må ein ta høgde for revisjon etter å ha prøvd planen i praksis nokre år.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannens kontor, for midlar Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde 25.10.2010

Per Fredrik Brun
Miljøvernavinga

Innhald


1	INNLEIING	4
2	SKILDING OG STATUS	6
2.1	Områdeskildring	7
2.2	Eigedomsforhold	7
2.3	Historisk bruk av området	7
2.4	Naturfaglege verdiar	7
2.5	Bevaringsmål	11
3	BRUKARINTERESSER	15
3.1	Verneforskrifta og brukarinteresser	15
3.2	Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	16
3.3	Jakt, fiske og friluftsliv	16
3.5	Undervisning og forskning	18
3.6	Bygningar og tekniske inngrep.....	18
4	FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	18
4.1	Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	18
4.2	Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	19
4.3	Informasjon og tilrettelegging	20
4.4	Oppsyn.....	21
5	SAKSHANDSAMING	21
5.1	Forvaltingsstyresmakt.....	21
5.2	Lovverk, føringar og forvaltning	21
6	PERIODEN FORVALTNINGSPLANEN GJELD	24
7	REFERANSAR.....	25

Vedlegg:

1. Verneforskrifta for Selvikvågen NR
2. Temakart for Selvikvågen NR
3. Flyfoto over Selvikvågen NR
4. Observerte fugleartar Selvikvågen NR
5. Observerte fugleartar i Sandøy kommune
6. Vegetasjonskart for Selvikvågen NR
7. Registrerte planteartar i Selvikvågen NR
8. Skjøtselstiltak
9. Information Sheet on Wetlands (RIS)
10. Saksbehandling av planen

1 INNLEIING

Selvikvågen naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988. Formålet med fredinga er; "å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv". Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt for naturreservatet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for reservatet.



Figur 1 Selvikvågen naturreservat i Sandøy kommune

Forvaltingsplanen for Selvikvågen naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafør området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.

Forvaltingsplanen for Selvikvågen naturreservat er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Selvikvågen naturreservat er eit lite område i areal, men representerer eit viktig område for fleire hekkande fuglearter. Området er òg ein viktig kvile- og beitestad for fleire trekkfuglar.

Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som Selvikvågen etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet.

Ramsarkonvensjonen

I tillegg til å vere verna som naturreservat etter Naturmangfaldslova (NML) har Selvikvågen også status som Ramsarområde. Ramsarkonvensjonen er ein internasjonal avtale som vart inngått den 02.02.1971. Konvensjonen har som mål å ta vare på viktige våtmarkssystem for planter, fugle- og dyreliv. Selvikvågen og tre andre verna våtmarksområde i Sandøy kommune vart med på Ramsarlista den 19.03.1996 som ein del av Harøy våtmarkssystem. Som eit av 159 land som har signert avtalen har Norge som medlemsland av Ramsarkonvensjonen forplikta seg til å gi desse områda internasjonal status som særleg viktige våtmarksområde. I fastlandsdelen av Norge er det i dag 32 verna område med Ramsarstatus, pluss 5 område på Svalbard.

For å verte klassifisert som eit Ramsarområde må området oppfylje gitte kriterium. Selvikvågen oppfyller dei tre første kriteria for identifisering av internasjonalt viktige våtmarker.

Nr. 1. Representative, sjeldne eller unike eksemplar på naturleg eller nær-naturleg våtmarkssystem innanfor den aktuelle biogeografiske region.

Nr. 2. Levestad for sårbare, trua eller kritisk trua arter eller trua økologiske samfunn.

Nr. 3. Levestad for bestandar av planter og/eller dyreartar som er viktige for å oppretthalde det biologiske mangfaldet i ein bestemt biogeografisk region.

Sjå elles vedlegg nr. 9 ”Information Sheet on Ramsar Wetlands (RIS).

Ramsarkonvensjonen har i dag tre hovudpilarar:

- Å forvalte internasjonalt viktige våtmarksområde (Ramsarområder) slik at dei økologiske funksjonane (”ecological character”) kan oppretthaldast.
- Å sørge for fornuftig (bærekraftig) bruk (”wise use”) av våtmarker generelt i forvaltning og arealplanlegging, herunder kartlegge og gjennomføre verneplanar for våtmarker.
- Delta i internasjonale samarbeid om våtmarker

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil prioritere skjøtselstiltak i Selvikvågen og dei andre verna områda dersom det er nødvendig for å oppretthalde eller forbetre verneformålet. Då Norge har teke på seg eit særskild internasjonalt ansvar for dei verna områda som utgjer Harøy våtmarkssystem vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppmode Sandøy kommune og grunneigarane til å vise varsemnd også i randsona utanfor desse verna områda. Vi syner her i tillegg til NML §49 og PBL §11-8 omsynssoner og §12-6 omsynssoner i reguleringsplan.

2 SKILDING OG STATUS

Verneforma naturreservat etter NML § 37

Som naturreservat kan vernast område som mellom anna inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur representerar ein bestemt naturtype eller på annan måte er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 *Områdeskildring*

Ramsarområdet rundt Harøya med tilgrensande øyar, holmar, skjær og sjøområde vert i mange høve omtala som Harøy våtmarkssystem. Dette fordi heile våtmarkssystemet på og kring øya er særleg viktig for overvintrande og trekkande vassfugl, men og som hekkelokalitetar til fleire artar. Selvikvågen med holmane og skjera utanfor er ein viktig del av dette systemet. Selvikvågen naturreservat dekker eit areal på 461 dekar, av dette er 306 da vassareal. Verneområdet går frå 0 til 16 meter over havet.

Selvikvågen ligg litt vest for Steinshamn. Bergartane er i hovudsak gneis og skifrige gneisar som inneheld glimmer. Kvartærgeologisk er det mykje berg i dagen og litt marine strandavsetningar. Fem holmar og nokre mindre skjær dannar ein skjermende front mot havet. Strandengene grensar for det meste opp mot lyngmark og myr, men òg mot beite- og dyrkamark. Eit gardsbruk ligg inntil verneområdet, som elles ligg i eit ope kystlandskap.

Ei kraftlinje kjem inn i verneområdet der Vågsløken renn ut og følger vernegrensa mot sørvest. Ein langstrakt steingard deler verneområdet omtrent i to delar. Han er også byte mellom gardane Harnes og Brunvoll. Steingarden strekker seg langt ut på grunnane mot eit skjær. Dette fordi det er til dels store tidevassareal som fell tørt på fjøre sjø. Ein finn og restar etter ein steingard i sørvestre del av verneområdet. På landsida grensar verneområdet for det meste til myrareal, men og noko beitemark i aust og sørvest.

Området har oseanisk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar med eit gjennomsnitt pr år på ca 8°C. Harøya ligg i den sterkt oseaniske seksjonen, humid underseksjon, i den sørboreale vegetasjonssona. Gjennomsnittlig nedbørsmengd per år er ca 1200 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn.

2.2 *Eigdomsforhold*

Selvikvågen naturreservat omfattar i følgje verneforskrifta følgjande Gnr/Bnr: 8/3, 8/6, 8/7 og Gnr/Bnr: 10/6. Vi tek atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn.

2.3 *Historisk bruk av området*

Tradisjonelt har det vore beita i området opp gjennom tidene. Dette gjeld både dei største holmane og i sjølve Vågen. Frå gammalt av var det vanleg med sinking av egg og dun på holmane i kommunen. Dette vart avslutta første halvdel av 1900-tallet.


2.4 *Naturfaglege verdiar*

Den naturfaglige informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet. Men også munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap er tatt med.

Fugle og dyreliv

Harøy våtmarkssystem har store grunne sjøområde og store tidevassoner. Våtmarkssystemet på og kring øya er særlig viktig for overvintrande og trekkande vassfugl, men også hekkeførekomstane av fleire artar er viktige. I trekktidene er det periodevis samla store mengder vadefugl. Dei mest talrike har vore tjeld, sandlo, heilo, vipe, steinvendar, myrsnipe, lappspove og enkeltbekkasin. I vinterhalvåret ligg store mengder våtmarksfugl rundt øya, med lommar, dykkarar, skarv, sjøender og teist som dei dominerande. Som ein del av dette systemet er Selvikvågen viktig. Her er beiteplass for ender og vadefugl. Dessutan har det vore gjort hekkefunn av mellom anna grasender og fleire vadarar som steinvendar og myrsnipe. Dette var situasjonen på vernetidspunktet.

Som ein del av Harøy våtmarkssystem har fuglelivet i Selvikvågen vore følgd med og registrert fleire gonger dei siste 30 – 40 åra. Dei første registreringane er frå Norsk Ornitologisk forening avd. Møre og Romsdal sine teljingar av vassfugl i Møre og Romsdal frå 1968. Sidan den gong har det vore fleire observasjonar framover mot vernevedtaket. Men ingen registreringar går berre på dette verneområdet, men som del av Harøy våtmarkssystem



Figur 3 Selvikvågen i fugleperspektiv.

som eit større habitat. Noko som spesifikt er observert på dei store mudderområda i Selvikvågen dei siste åra er mengder med vadarar, inkludert tundralo og lappspove. Av pattedyr finst hjort på heile Harøya. Oter og mink er også vanleg i og utanfor verneområdet. På sjøsida er området brukt av kystsel som steinkobb.

Truslar

Frå raudlista finn vi mellom anna desse artane tilknytt Harøy våtmarkssystem; tjuvjo, sjøorre, krykkje og horndykkar. Men generelt er kunnskapsnivået om dei enkelte fugleartene mangelfulle, så det kan vere ei forvaltningsoppgåve å få ajourført kunnskap om fuglebestandane innan denne planen skal reviderast. Dette arbeidet kan forvaltninga sette bort til fagmiljø som har nødvendig kunnskap og kapasitet til ein slik jobb.

Det er ein gangsti ned mot Selvikvågen. Ut frå vurdering av slitasten ser denne ut til å vere jamt i bruk. Ferdsel på vårparten i hekkelokalitetane bør unngåast, spesielt på holmane. At treplantingane har blitt større/høgare dei siste åra gjer m.a. at artar som jaktar på sjøfuglar, som for eksempel kråkefuglar, har fått betre forhold. Dette kan vere ein trussel mot enkelte artar, som for eksempel vadefuglar.

Delar av habitata er i ein gjengroingsfase, dette er skadeleg for artar som er avhengig av opne areal. Andre mulege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadane / truslane langt utanfor verneområdet sine grenser. Grunnane for endringar i fuglebestandane er truleg samansette og både lokale og regionale.

Det finst ikkje systematisk datamateriale på endringar i fuglebestanden i verneområdet, derfor kan ein berre anslå endringar som generell trend. Det er eit mål å halde lokalitetane i hevd slik at mengde og mangfald av hekkande fugl i området kan auke dersom bestandane tek seg opp. Særleg gjeld dette artar som er i tilbakegang regionalt og nasjonalt.

Vegetasjon

På 1960 talet vart det planta lebelte med bartre i Sandøy kommune. I Selvikvågen vart det planta eit lebelte av sitkagran og bergfuru frå grensa i sør-aust og over Vågshaugen og vidare nordover. I tillegg er det eit plantefelt av sitkagran og bergfuru på ein haug inst i Vågen. Totalt er det registrert 15 dekar med barskog innan verneområdet. Desse trea er no opp mot 10 m høge og har begynt å sette kongler.

Sjølve Selvikvågen naturreservat ligg eksponert mot vest med slakt hellande terreng. Verneområdet inneheld store område med myr og hei som set sitt preg på lokaliteten. Det er små førekomstar av salteng og eit større område med strandsump heilt i aust. Litt saltarve vart og funne i nedre salteng. Øvre salteng har ei rødsvingelbasert utforming, mens saltsivutformingar er klart underordna. Det er få brakkvassamfunn å observere, mens det derimot var mykje ferskvasspåverka driftsvoll, spesielt i sør, men og litt i nord. Vanlege artar i ferskvasspåverka driftsvoll i Selvikvågen er kildeurt, krypsoleie og dikevasshår. Tiggersoleie og kildegras vart sporadisk observert. Kildegras er nasjonal rødlistart.

Strandbergvegetasjonen er av fattig type, dvergsmyle vart funne på den nest yste holmen. Kjerringholmen er ikkje undersøkt.

Registrerte vegetasjonstypar i Selvikvågen og på holmane utanfor. Viser her til Tore Frøland sin rapport 2007:01. Rødlistevurdering etter E. Fremstad 1997, sjå vedlegg nr.7

Symbol på kart	Vegetasjonstype	Førekost i Møre og Romsdal	Merknad
H1	Tørr lynghei	Utbredt	
J2 / J3	Nedbørsmyr (ombrotrof) tue og fastmattemyrer.	Utbredt	Store oseaniske nedbørsmyrer er sjeldne.
U3	Salin og brakk forstrand		
U4	Nedre og midtre salteng	Uvanlig	
U5	Øvre salteng	Uvanlig	Rødsvingelutforming
U9	Sumpstrand		
V1	Etårig melde-tangvold		
V2	Fleirårig gras/urte – tangvold		
V3	Ferskvasspåvirka driftsvold	Sjelden	
X1	Strandberg	Utbredt	Fattig type

Sitkagran

Denne grana er det utanlandske treslaget som i størst utstrekning er planta i kyst-Noreg, og plantefelta er svært vanlege heilt nord til Troms. Ho har stor spreingsevne og fortrenger annan vegetasjon. Trea kjennes på den blågrøne fargen på nålene og på dei skarpe nålene. Ho er førebels ikkje kategorisert i Svartelista. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Foto: Åsmund Skålvik

Truslar

I dag er ikkje beitinga i verneområdet noko trussel mot den naturlege vegetasjonen, men det bør fortløpande vurderast om beitepresset i verneområdet er for stort. I dag er det litt beiteslitasje i nedre strandeng. Dersom denne slitasjen blir forsterka over lengre tid kan det gå ut over den samanhengande strandengvegetasjonen vi i dag finn inst i vågen. For sterk beiting kan og vere med å forsterka erosjonen som naturleg kjem frå sjøen sitt arbeid med strandsona. Frå leplantingane og plantefelta av sitkagrana er småplanter i ferd med å etablere seg i verneområdet. Ei spreining av desse artane vil utgjere ein trussel mot den naturlege vegetasjonen på lang sikt.

2.5 Bevaringsmål

”Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv”. Verneforskrifta kap. III

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.



I denne planen er bevaringsmåla retta mot å oppretthalde desse viktige naturkvalitetane i Selvikvågen naturreservat. Vi har peika på tre bevaringsmål ut frå den tilstanden reservatet er i dag. Sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Eit av forvaltingsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.

Figur 4 Beite held strandengvegetasjonen i god hevd av ønskja kvalitet.

Forvaltingsmål

Dette er eit samlebegrep for alle målsettingar knytt til naturtypar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Uttrykk nytta i tabell 1

Mål nr.

Bevaringsmåla er fortløpande nummerert. Desse nummera finn ein igjen på vedlagd kart over bevaringsmål.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar, som er levestad og livsmiljø for eit rikt artsmangfald.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter

Overvaking

Med **overvaking** forstår vi å føre kontroll/oppsyn med at naturtypen er i den tilstand som er ønskeleg for å oppfylle verneformålet best mogleg.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels og dårleg. Dette fortel oss i kva tilstand naturtypen er i.


Tiltak

Tiltak er det som er planlagd utført av praktisk arbeid for å få oppfylle bevaringsmålet.

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Selvikvågen naturreservat, VV00000372.

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Holmane; Mosaikk av ulike naturtyper, ref. vegetasjonskart.	Hekkeområde for måsefuglar og terner på holmane	Oppretthalde ein open naturkvalitet som mellom anna kan gje årleg vellykka hekking av terner i tillegg til måsefuglar	Synfaring på holmane 5 år etter at dei tredannande artane er fjerna	Middels grunna etablering av trer på nokre av holmane	Fjerne småplanter av tredannande artar, først og fremst sitkagran Informere om hensikta med skjøtselsarbeidet, gjeld alle tiltak
2	Kystmyr Nedbørsmyrer (ombrotrofe) tue og fastmattemyrer J2/J3	Framande treslag	Bevare desse naturtypene rundt vågen. Ingen framande treslag i lokaliteten	Feltobservasjonar i kombinasjon med artsregistrering	Middels grunna spreiring av bartreer i myra	Fjerne småplanter av tredannande artar, først og fremst sitkagran. I planperioden skal òg frøtrea fjernast
3	Strandeng og strandsump. SaltengvegetasjonU4/U5	Historisk bruksform. Beites i dag	Bevare dagens saltengvegetasjonen rundt vågen intakt.	Følgje med på beiteslitasje relatert til antal dyr på beite	God grunna beite	Oppretthalde dagens beitetrykk med beiting av storfe

Forvaltingsplan for Selvikvågen naturreservat



3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Selvikvågen naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som gir retningslinjer for forvaltinga. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor reservatet. I kapittel V er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva aktivitetar forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnt i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfeller. Ein dispensasjonssøknad skal då handsamast etter NML § 48. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.



Figur 5 Ein lang steingard deler beiteområdet sør for Løken.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

I følge ei oversikt frå Norsk institutt for skog og landskap er det innan verneområdet 1 dekar dyrka mark, 11 deka innmarksbeite, 15 da. barskog 54 dekar myr, ca. 100 dekar jorddekt fastmark og grunnlendt mark. Resten, 282 da. er ope vatn. Vi kan ikkje sjå nokon store interesse motsetningar mellom vern og landbruket sin bruk av området i dag. Det er i dag beite på deler av arealet. Det beita arealet er innegjerda. Gjerde går delvis i og delvis utanfor vernegrensa. Vi må følgje med på endringar i beitetrykket på saltengvegetasjonen. Ei større utfordring er det at sitkagrana har begynt å sette kongler som resulterer i at småplantar av sitkagran kjem opp mange stader i det verna område. Dette ser vi på som eit akselererande problem for den naturlege vegetasjonen. Dette vil og på sikt redusere verneområdet sin verdi som beiteareal. Så her burde forvaltingstyresmakta for verneområdet og grunneigarane ha ei felles interesse i å stoppe spreiding av sitkagrana. Tilsig av næringsstoff frå tilgrensande landbruksareal utgjør ikkje noko stort problem i dag, men bør følgjast med.

Forskriftene i kapittel IV er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande gjerde, men oppføring av nye, faste gjerde er søknadspliktig. Oppsetting av flyttbare gjerde, til dømes el-gjerde kjem inn under verneforskrifta kap. IV nr. 3, og krev dispensasjon frå forskrifta etter NML § 48. Ifølgje kap. IV er det heller ikkje lov å drenere eller på anna måte tørrleggje nytt areal i naturreservatet. Det er ikkje tillate å gjødsle, nytte plantevernmiddele eller innføre nye plantearter, og *"all vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging"*.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Opprette eit beiter regime som gjer at naturkvalitetane i strandsona vert oppretthalde.
- Starte arbeidet med å fjerne småplantar av sitkagran i samarbeid med grunneigarane. Frøtreia bør fjernast på litt lengre sikt.

3.3 Jakt, fiske og friluftsliv

Det er ikkje lovleg å drive jakt og fangst innafor naturreservatet, men området er med og dannar grunnlag for kvota på fellingsløyve for hjort. Dyra i kvoten kan ikkje takast ut i det verna området. Ein mistenker at villmink gjer skade på hekkande fugl i reservatet, men det er usikkert kor stor minkbestanden er eller kva som er omfanget av eventuelle skadar. Dette kan kartleggast ved prøvefangst og eventuelle tiltak settast i gang dersom det viser seg at mink representerer eit omfattande problem. Slik fangst bør skje med slagfelle. Jakt med våpen bør ikkje førekomme i Selvikvågen naturreservat.

Verneforskrifta seier klårt i kap. IV nr. 2 at *"Alt vilt, medrekna hi, reir og egg, er freda mot all form for skade og øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i villtlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er*



Figur 6 Gjerdeklyv er satt opp fleire plasser rundt verneområdet.

ikkje tillate.” Ein gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i NML. Unntaket er fangst av villmink, som ein trur gjer skade på fuglebestanden, særleg i hekketida. Det er fleire fiskeplassar langs sjøen i naturreservatet. Fiske er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer fiske etter hummar, krabbe og skjell. Det er bandtvang for hund heile året i Selvikvågen naturreservat av omsyn til fuglelivet. Alle skilta som viser reservatgrensa skal derfor utstyrt med ekstraskilt som opplyser om bandtvangen. Siste del av kap. IV nr. 2 har slik ordlyd; *Hundar må ikkje sleppast laus i reservatet. Utsetjing av vil er ikkje tillate.*

Det er opparbeidd parkeringsplass ved kommunevegen ovanfor det verna området. Frå denne er det ein gangsti ned mot naturreservatet. Fleire plasser i gjerdet er det lagd til rette for ferdsel ved gjerdeklyv. På slitasjen i gangstien kan det

sjå ut som folk nyttar område på fritida, men vi kan ikkje sjå nokon slitasje på terrenget av denne bruken. I kva grad holmane vert nytta til friluftsliv er ikkje kjend, men her må ein vere ekstra varsam med ferdsel i hekketida. Verneforskriftene går føre friluftsløva og Allemannsretten ved eventuelle tvil om lovverket. Fordi dette er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen derfor bli prioritert over friluftslivinteresser ved ei eventuell konflikt. Forskriftene som er aktuelle i samband med friluftsliv er omtala i kap. IV nr. 4 og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovleg; ” *Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode. Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode*”.

Etablering av nye stiar krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot føremålet med vernet. Sjå også *Forståing av unntak frå forskrifta kap. 5.2.*

Forvaltingsmål for jakt, fiske og friluftsliv.

- Forstyrninga av fuglelivet bør generelt haldast på eit minimum, det er viktig at informasjon om området vektlegg betydninga området har for fuglelivet
- Det bør helst ikkje vere ferdsel på holmane i hekketida
- Bestanden av villmink skal overvakast og om nødvendig drivast fangst på.

3.5 Undervisning og forskning

Det er sett opp ei informasjonstavle om Selvikvågen naturreservat langs stien ned til reservatet. I tillegg har Sandøy kommune sett opp to informasjonsplakatar om dei ulike fugleartane som kan nytte reservatet gjennom året. Det ligg til rette for å ha undervisning i området i store delar av året, særleg for med mindre grupper av elevar. Både plassering, størrelse og dei tilretteleggingar som er gjort i samband med opparbeid gangsti gjer at undervisning i fleire fag kan vere aktuelt. I området finn ein fleire ulike plantesamfunn, kulturminne, steingard, gjengroing, framande treslag og strandsjøppel.

Vi minner om forskrifta sitt kap. IV om at vegetasjonen er freda og at fugle- og dyrelivet ikkje skal uroast. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle om aktiviteten er slik at det må søkjast dispensasjon etter § 48 i NML.

Forvaltingsmål for undervisning og forskning

- Det kan leggest til rette for undervisning, formidling og forskning innafør verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet

3.6 Bygningar og tekniske inngrep

Av tekniske inngrep finst det ein kraftlinje som kjem inn i verneområdet der Vågsløken renn ut i sjøen og følgjer vernegrensa over Vågshaugen mot sør-vest. Då bruk av motoriserte kjøretøy ved vedlikehald på eksisterande kraftliner ikkje er nemnd i forskriftene til reservatet må kraftlineeigar søkje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova.

Det er ikkje lovleg med inngrep som kan endre dei naturlege tilhøva i reservatet, og i kapittel IV i vernereglane er det nærare spesifiser kva aktivitetar som fell innunder denne. Opplistinga er ikkje fullstendig. Det finst nokre unntak. Dei er lista i kapittel V og omfattar ein del spesifiserte sikringsarbeid og vedlikehald av eksisterande konstruksjonar.

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det skal ikkje etablerast nye bygningskonstruksjonar innafør naturreservatet

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Heimel til skjøtselstiltak finn vi i verneforskrifta kap. VII og

NML § 47. Dersom forvaltingsstyresmakta finn det naudsynt kan dei òg nytte motoriserte kjøretøy i samband med godkjende skjøtselstiltak.

Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtelsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl. Omfanget av strandsøppel var ikkje stort (hausten 2009), men ein bør rydde stranda for søppel etter behov. Om nødvendig bør ein også gå over holmane å rydde søppel.

Til planen er det utarbeidd eit kart, sjå vedlegg 2, og ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 7. For kvart tiltak må kostnaden vurderast etter kor mykje pengar som blir løyvd frå sentralt hald kvart år. I tillegg må meir detaljert budsjett settast opp for større prosjekt.

Framande planteartar

Det er viktig å fjerne dei framande artane sitkagran og bergfuru i reservatet. Dei representerer ein reell fare for den lokale floraen ved at dei spreier seg og fortrenger annan vegetasjon. Det er i dag eit plantefelt i tillegg til at delar av ein leplanting reservatet.

Beite

Beiting av storfe er viktig for å halde strandvegetasjonen i hevd, og å hindre gjengroing. Her har grunneigar og forvaltningsstyresmakter felles interesse i at beite ikkje blir for hardt. Det må vurderast om det er praktisk og økonomisk mogleg å beite med sau på holmane for å hindre at dei gror att.

Skjøtselstiltak

- Oppretthalde beiter regime av storfe
- Fjerne framande artar som sitkagran og bergfuru
- Fjerne trevegetasjonen på holmane
- Rydde strandsøppel i vågen og på holmane etter behov

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Selvikvågen naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for fleire naturkvalitetar i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale for forvaltninga av reservatet i framtida.

Selvikvågen bør overvakast med visse intervall for å kartleggje tempo og mønster på ei eventuell gjengroing, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen. Verdien av området for fuglefaunaen vart særleg vektlagt ved etablering av vernet. Det er ikkje gjort systematisk oppfølging av flora og fauna i området sidan vernet vart vedtatt, derfor manglar nøyaktige data på utviklinga i området dei siste 20 åra.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterar til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Det skal utførast ei taksering av fugl knytt til Selvikvågen naturreservat, dette gjeld både hekkande fugl, trekkfugl og artar som overvintrar.
- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Selvikvågen naturreservat
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtselen og bruk påverkar naturkvalitetane

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Sandøy kommune har lagt til rette med parkeringsplass ved offentleg veg for å lette tilkomsten til Selvikvågen. Frå parkeringsplassen er det laga ein gangsti ned mot reservatet. Det er sett opp ei informasjonstavle for Selvikvågen naturreservat. I tillegg til informasjonstavla med offentleg informasjon om reservatet har Sandøy kommune laga to informative plakatar om fuglane som høyrer heime i kommunen gjennom året. Desse er sett opp i ein liten gapahuk langs gangstien like før ein kjem ned til reservatet. Det manglar ekstra merking for bandtvang heile året. Slik informasjon kan settast opp i gapahuken i tillegg til informasjonen ved verneskilta. Fleire av verneskilta som markerer vernegrensa er så slitt at logo og tekst er uleseleg. Desse bør skiftast ut eller reparerast. All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Verneskilta ved sentrale nr. langs reservatgrensa må få ekstra skilt som opplyser om at det er bandtvang heile året innafor reservatet
- Informere om brukarretter for reservatet, helst ved å oppdatere informasjonstavla for verneområdet
- Logo og tekst på fleire verneskilt er verslitt og må byttas ut.

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle løyv og dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Ei av oppgåvene til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftlova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynstenester hos SNO.

5. SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvaltningsstyresmakt for Selvikvågen naturreservat. Eventuelle søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva da naturmangfaldloven (NML) vart vedtatt 19. juni 2009. I denne samanheng er eigne overgangsreglar i NML § 77 klår på at verneforskrifter vedtatt etter naturvernlova fortsett gjeld. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig her å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet.

Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet. Tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta fortolkast innskrenkande.

Forvaltning av verneforskrifta

Det er viktig her å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak . Avgjer av ein søknad om

dispensasjon frå ein verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingsloven og kan påklagast. Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars retter og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigars, rettshavars og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlige noen særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltningsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar.

Forståing av unntak frå forskrifta

Kap. V i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Nr. 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og for utrykkingskjøretøy. Dette er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta.

Nr. 2 stadfester at etablert jordbruksdrift kan halde fram som før fredinga. Beitetrykket på den naturlege vegetasjonen må likevel vurderast opp mot verneformålet. Oppføring av gjerder på nye område er derimot søknadspliktig.

Nr. 3 opnar for vedlikehald av grøfteløp i reservatet til landbruksformål. Før slikt vedlikehald skal forvaltningsstyresmakta varslast og dei bør ha høve til å sette vilkår for arbeidet for å unngå skade på verneverdiane.

